

**FOR 2006-12-22 nr 1545: Forskrift om Verneplan for Hallingskarvet.
Vedlegg 1. Vern av Hallingskarvet nasjonalpark, Hol kommune, Ulvik herad
og Aurland kommune, Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane.**

DATO: FOR-2006-12-22-1545

DEPARTEMENT: MV (Miljøvern/vilt)

AVD/DIR:

PUBLISERT: II 2006 hefte 5

IKRAFTTREDELSE: 2006-12-22

SIST-ENDRET:

ENDRER:

GJELDER FOR: Hol, Ulvik og Aurland kommune, Ulvik herad og Aurland kommune, Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane.

HJEMMEL: LOV-1970-06-19-63-§3 , LOV-1970-06-19-63-§4 , LOV-1970-06-19-63-§21 , LOV-1970-06-19-63-§22 , LOV-1970-06-19-63-§23

SYS-KODE: BG08, D02

NÆRINGSKODE: 9129

KUNNGJORT: 28.12.2006

RETET:

KORTTITTEL: Forskrift om Hallingskarvet nasjonalpark

INNHOLD

Forskrift om Verneplan for Hallingskarvet. Vedlegg 1. Vern av Hallingskarvet nasjonalpark, Hol kommune, Ulvik herad og Aurland kommune, Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane.

- § 1. Avgrensing
 - § 2. Formål
 - § 3. Verneregler
 - § 4. Generelle dispensasjonsreglar
 - § 5. Forvaltningsplan
 - § 6. Skjøtsel
 - § 7. Forvaltningsstyremakt
 - § 8. Rådgjevande utval
 - § 9. Iverksetjing
-

**Forskrift om Verneplan for Hallingskarvet. Vedlegg 1. Vern av Hallingskarvet
nasjonalpark, Hol kommune, Ulvik herad og Aurland kommune, Buskerud,
Hordaland og Sogn og Fjordane.**

Fastsett ved kgl.res. 22. desember 2006 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 3, jf. § 4 og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1. Avgrensing

Nasjonalparken gjeld følgjande statsallmenningar:

Hol kommune: 108/1.

Ulvik herad: 38/1.

Aurland kommune: 70/1.

Nasjonalparken gjeld elles følgjande gnr./bnr. i Hol kommune: 6/8, 7/7, 14, 7/29, 10/1, 18/2, 19/1, 19/12, 19/14, 19/15, 19/20, 19/24, 19/37, 28/25, 30/1, 30/11, 30/35, 32/8, 32/21, 32/55, 33/10, 35/1, 37/1, 3, 41/4, 12, 14, 41/5, 41/11, 41/43, 42/1, 42/2, 43/4, 47/1, 48/1, 52/9, 55/5, 55/7, 55/8, 55/13, 55/57, 56/2, 57/1, 58/1, 58/4, 59/4, 59/89, 60/5, 60/6, 60/35, 61/5, 61/21, 65/1, 72/2, 65, 74/1, 75/1, 75/2.

Nasjonalparken har eit samla areal på omlag 450 km².

Grensene for nasjonalparken går fram av kart i målestokk 1:100.000, datert Miljøverndepartementet desember 2006. Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal merkjast av i terrenget. Knekkpunkta skal koordinatfestast. Langs Strandavatnet og Store Vargevatn følgjer grensa høgste regulerte vasstand.

Verneforskrifta med kart finst i Hol, Ulvik og Aurland kommunar, hos fylkesmennene i Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2. Formål

Formålet med Hallingskarvet nasjonalpark er å bevare eit stort, særmerkt og tilnærma urørt fjellområde slik at landskapet og det biologiske mangfaldet med økosystem, arter og bestandar, mellom anna villrein, blir bevart. Vernet skal sikre eit karakteristisk landskapselement som er viktig for forståinga av den geologiske historia. Ålmenta skal ha høve til friluftsliv og naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. Vernet skal sikre verdifulle kulturminne.

§ 3. Verneregler

1. Landskapet

1.1. Vern mot inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep av alle slag, til dømes oppføring og ombygging av bygningar, andre varige eller mellombelse innretningar, gjerde og anlegg, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av inventaret i grotter, graving, utfylling, bortlegging av masse, sprenging, boring, bryting av stein, mineral og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stigar, løyper o.l. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.

1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- a. vedlikehald av bygningar og anlegg som ikkje fører til bruksendring
- b. vedlikehald av stigar, bruer, skilt og liknande i samhøve med forvaltningsplan
- c. utsetjing av saltsteinar.

Bruk av motorisert transport krev særskilt løyve jf. § 3 punkt 6.3.

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a. gjenoppføring av bygningar som er øydelagde ved brann eller naturskade

- b. gjenoppføring av bygningar som blir rivne på grunn av alder og slitasje
- c. ombygging og mindre tilbygg til bygningar
- d. bygging av bruer og legging av klopper
- e. oppsetjing av skilt, merking av nye stigar og løyper, omlegging av eksisterande stigar og løyper
- f. oppsetjing av gjerde
- g. uttak av stein og torv til bruk på bygningar i nasjonalparken
- h. naudsynte erosjonssikringstiltak i strandsona langs Strandavatnet og Store Vargevatn
 - i. oppsetjing av master for elektroniske bjøller på sau
 - j. oppsetjing av midlertidige master for tryggleikssamband i samband med gjennomføringa av Skarverennet og Lordemarsjen.

2. Plantelivet

2.1. Vern av plantelivet

All vegetasjon, også døde buskar og tre, er verna mot all skade og øydelegging. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.

2.2. Regelen i punkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- a. beite
- b. skånsam bruk av trevirke til bålbrann
- c. plukking av bær og matsopp
- d. plukking av vanlege planter til eige bruk
- e. rydding av gamle stølsvollar.

2.3. Forvaltningsstresmakta kan gi løyve til hogst av ved til hytter og stølar i nasjonalparken.

2.4. Regulering av beite

Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere beiting som kan skade eller øydeleggje naturmiljøet.

3. Dyrelivet

3.1. Vern av dyrelivet

Dyrelivet, inkludert hi, reir, hekke-, yngle- og gyteplassar, er freda mot skade og unødig uroing. Utsetjing av dyr på land og i vatn er forbode. Kalking i vassdrag må ha særskilt løyve.

3.2. Reglane i punkt 3.1. er ikkje til hinder for:

- a. jakt og fangst etter viltlova
- b. fiske og fangst etter lakse- og innlandsfisklova.

3.3. Forvaltningsstresmakta kan gi løyve til:

- a. utsetjing av fisk frå lokale fiskestammer der dette er gjort tidlegare
- b. uttak av fisk til avl
- c. kalking av vatn der dette er gjort tidlegare, og kalking av vatn og elver dersom det er naudsynt for å hindre at ei art dør ut. Det skal gjennom forvaltningsplanen fastsetjast eit referanseområde som ikkje kan kalkast.

4. Kulturminne

4.1. Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne skal ikke flyttast eller fjernast.

4.2. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. *Ferdsel*

5.1. Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2. Organisert ferdsel

Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve fra forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan.

Denne forskriften er ikke til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikke blir skadelidende.

5.3. Skarverennet og Lordemarsjen

Skarverennet og Lordemarsjen kan gjennomførast i den form som arrangementet har på vernetidspunktet. Forvaltningsstyremakta kan gi løyve til endringar av arrangementet.

5.4. Sykling og organisert bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er bare tillatt på trasear eller i område som er godkjente for slik bruk i forvaltningsplanen.

5.5. Regulering av ferdsel

Innanfor nærmere avgrensa delar av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

5.6. Generelle unntak for ferdsel

Reglane i punkt 5 gjeld ikke ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksem og ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksem, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. *Motorferdsel*

6.1. Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.

6.2. Reglane i punkt 6.1. er ikke til hinder for:

- a. motorferdsel i samband med militær operativ verksem og ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksem, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta
- b. bruk av beltegåande « elgtrekk » til uttransport av felt elg og hjort
- c. naudsynt motorisert ferdsel på vinterføre i samband med Skarverennet
- d. uttransport av sjuke husdyr. Dyret må vere lokalisert før motorkøyrety blir tatt med inn i nasjonalparken. Køyrety som blir brukt skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal vere gitt melding til oppsynet før køyring finn stad.

6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a. øvingskøyring for formål nemnt i punkt 6.2.a.
- b. motorferdsel i samband med vedlikehald, stikking og preparering av skiløyper i samhøve med forvaltningsplanen
- c. bruk av beltekøyrety på vinterføre i samband med vedhogst, husdyrhald og anna landbruksverksem
- d. bruk av beltekøyrety på vinterføre for transport av materialer til vedlikehald og

byggearbeid på hytter, stølar, klopper o.l.

- e. bruk av beltekøyrety på vinterføre for transport av varer, utstyr og ved til hytter og stølar
- f. naudsynt motorferdsel i samband med kalking og fiskekultiveringstiltak
- g. bruk av båt med motor i samband med fiske og frakt av felt villrein
- h. bruk av beltekøyrety på vinterføre i samband med inspeksjon og vedlikehald av tilsigsområdet for Finse vassverk.

7. *Forureining*

7.1. Forbod mot forureining

All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode. Avfall skal takast med ut av området.

7.2. Støy

Unødig støy er forbode.

Bruk av motordrivne modellfly o.l. er ikkje tillate.

§ 4. *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak fra vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi og i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med formålet med vernet.

§ 5. *Forvaltningsplan*

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6. *Skjøtsel*

Forvalningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 7. *Forvaltningsstyresmakt*

Direktoratet for naturforvaltning bestemmer kven som er forvaltningsstyresmakt for verneforskrifta.

§ 8. *Rådgjevande utval*

Forvalningsstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvaltning av nasjonalparken.

§ 9. *Iverksetjing*

Denne forskriften trer i kraft straks.